



Saksbehandler: Astrid Havn Tranøy

Kommunedirektør/rådmann: Øystein Hagerup

| Saksnr. | Utvalg                                      | Møtedato   |
|---------|---------------------------------------------|------------|
| 006/23  | Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne | 24.01.2023 |
| 003/23  | Hovedutvalg oppvekst og kultur              | 25.01.2023 |

## Søknad om tilskott til teateroppsetjinga Teaterdrøm

### Kommunalsjefen sitt framlegg til vedtak:

Hovedutval oppvekst og kultur tildeler kr 40 000 til Scenekraft si oppsetjing av «Teaterdrøm». Tilskottet blir belasta med kr 25 000 frå ansvar 1470.25660.23470 og kr 15 000 frå ansvar 1470.25442.37700.

Avsatte midler skal gå uavkorta til Scenekraft si gjennomføring av forestillinga «Teaterdrøm», som er adskilt frå TV Haugaland sin fjernsynsserie «Den store teaterdrømmen».

### Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne 24.01.2023:

#### Behandling:

Stangeland ønsket å gi ros til administrasjonen for at det foreslås å gi støtte til dette prosjektet.

Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne støtter enstemmig innstillingen.

### RFM- 006/23 Vedtak:

#### Kommunalsjefen sitt framlegg til vedtak:

Hovedutval oppvekst og kultur tildeler kr 40 000 til Scenekraft si oppsetjing av «Teaterdrøm». Tilskottet blir belasta med kr 25 000 frå ansvar 1470.25660.23470 og kr 15 000 frå ansvar 1470.25442.37700.

Avsatte midler skal gå uavkorta til Scenekraft si gjennomføring av forestillinga «Teaterdrøm», som er adskilt frå TV Haugaland sin fjernsynsserie «Den store teaterdrømmen».

## Hovedutvalg oppvekst og kultur 25.01.2023:

### Behandling:

Innstillingen enstemmig vedtatt.

### HOK- 003/23 Vedtak:

Hovedutval oppvekst og kultur tildeler kr 40 000 til Scenekraft si oppsetjing av «Teaterdrøm».

Tilskottet blir belasta med kr 25 000 frå ansvar 1470.25660.23470 og kr 15 000 frå ansvar 1470.25442.37700.

Avsatte midler skal gå uavkorta til Scenekraft si gjennomføring av forestillinga «Teaterdrøm», som er adskilt frå TV Haugaland sin fjernsynsserie «Den store teaterdrømmen».

## Saksutgreiing

Scenekraft søker om kr 40 000 i tilskott til scenekunstforestillinga «Teaterdrøm», som vil bli vist på Festiviteten si hovedscene søndag 19. februar.

Gjennom «Teaterdrøm» skal Scenekraft, i samarbeid med TV Haugaland og inkluderingsbedriftene Solstein og Uni-K, setje søkelys på diskusjonen om mangfald og inkludering på teaterscena. Inspirert av dokumentaren "Catwalk - frå Glada Hudik til New York" skal det skapast ein teaterforestilling som har mangfald og inkludering som fokus.

«Teaterdrøm» skal vere ein stor mangfaldsrik kollasj av elementer der alt blir ramma inn av teaterstykket «En midtsommernatts drøm». Forestillinga har fleire lag. Som underliggende tematikk ligg draumen om å få bruke talentet sitt, utan kompromiss, samtidig som den omsluttande ramma er inspirert av Shakespeare si alveverd. Forestillinga skal vere ei feiring av mangfaldet med glamour og glitter, ho skal romme både glede og alvor, og fokus er å la utøvarane skinne.

Det er to parallelle prosjekt, sjølv oppsetjinga av teaterstykket med deltakarane frå Solstein og Uni-K, og TV Haugaland sin dokumentar om prosjektet. I sistnevnte følgjer tv-selskapet prosessen fram mot den store finalen, teateroppsetjinga. Scenekraft søker om tilskott til gjennomføring av førstnevnte.

Føremålet med prosjektet er å skape medvit om og syne at sjølv i 2022 er ikkje alle grupper inkludert som mulige deltakarar på alle arenaer. I tv-serien «Den store teaterdrømmen» vil TV Haugaland i samarbeid med Scenekraft og inkluderingsbedriftene Solstein og Uni-K, prøve å utvide normen og utfordre innarbeida strukturar. Tv-serien skal adressere problemet rundt manglande mangfald, og sceneforestillinga skal tematisere utanforskapen denne gruppa har vore, og er, utsett for. Den overordna målsetjinga er meint som eit tydelig innlegg i samfunnsdebatten rundt reell medverknad, mangfald og representasjon. TV Haugaland har som kjent hatt eit vellukka samarbeid med Solstein, der tv-serien bidrog til å skape stoltheit og mot til å ta større plass for dei ansatte. Tv-serien vart vist på NRK 2.

«Teaterdrømmen» vil utvide perspektivet ved å bringe representanter frå gruppa inn på nye og ukjente arenaer – og til hovedscena på Festiviteten. Prosjektet er igangsatt sommaren/hausten 2022 med manusutvikling og regikonsept. Hausten 2022 var utøvarane i gang med prøver i samarbeid med lærarkrefter frå kulturskulane i Karmøy og Haugesund. Forarbeid til

sceneforestillinga har foregått i løpet av hausten og vinteren 2022/2023. I januar blir det fleire helgeøkter med heile laget. Opptaka til tv-serien følger dette arbeidet parallelt fram mot den store forestillinga som er planlagt 19. februar 2023. Tv-serien vil bli sendt hausten 2023.

Lokalt vil prosjektet nyttast til å gje politisk påtrykk om å skape rom for å inkludere desse gruppene i kulturlivet, mellom anna om å gi tilbud i kulturskulane og andre aktiviteter retta mot unge og vaksne målgrupper. Ei målsetjing med sceneforestillinga er soleis å utvikle prosjektet til eit varig konsept som kan bli gjentatt årleg, drifta av fleire av dei samarbeidande partene. Fleire arenaer og gjennomføringar kan bli aktuelle i etterkant av premieren i februar 2023.

Scenekraft søker om tilskott til gjennomføring av forestillinga «Teaterdrømmen», som vil ha premiere i Festiviteten 19. februar. TV Haugaland har tildelt kr 100 000 til prosjektet. Fleire detaljer i søknad og vedlagt budsjett.

### **Kommunalsjefen sin konklusjon**

Kommunalsjefen ser på oppsetjinga av forestillinga som eit nytt og positivt kulturtilbod til personer med nedsatt funksjonsevne. «Teaterdrøm» er eit forbilledleg prosjekt sett opp mot ordlyden i kulturlova, som framhever offentlige styresmakter sitt ansvar for å fremje og legge til rette for eit breidt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar.

«Teaterdrøm» er eit gjennomført profesjonelt og unikt scenekunstprosjekt, og eit initiativ som lar mangfald og inkludering skinne i storstova Festiviteten.

Kulturskulane i Karmøy og Haugesund har deltatt i prosjektet med lærarkrefter. Karmøy kommune kan gjennom tilskottet bidra til å lage ei god og profesjonell ramme rundt deltakarane i regi av den frittstående lokale scenekunstgruppa Scenekraft, og introdusere ei ny brukargruppe for teaterscena.

Kommunalsjefen ynskjer lukka til med gjennomføringa av prosjektet «Teaterdrøm».

### **Vedlegg:**

Søknad om tilskudd til teaterproduksjon - "Teaterdrøm"

Prosjektbeskrivelse TEATERDRØM Scenekraft november 2022

Budsjett og finansieringsplan Teaterdrøm Scenekraft 2023